



Bakgrunnsinformasjon

Dei tre selskapa Nordic Mining, Cemonite og Førde Sementvare ønskjer å utvikle eit samarbeid, og Hub for Minerals har ei koordineringsrolle i dette. Samarbeidet handlar om bruk av restmasser frå mineralutvinning i Engebøfjellet i ny betongproduksjon.


Optimalisering av verdikjeda for betongproduksjon kan gi store reduksjonar i CO2 utslepp og deponibehov for restmasser

Dette samarbeidet skal utgreie og verifisere potensialet for å bruke delar av restmassen som skal deponerast, som bindemiddel i betong. Mindre restmassar til deponi vil påverke miljøavtrykket til utvinninga, samtidig som det potensielt kan redusere CO2 utslipp for ferdig betong. Restmassar som innsatsfaktor i betongproduksjon vil også redusere ressursforbruket i eksisterande verdikjede for betongproduksjon.

Eksisterande verdikjeder for betongproduksjon og rutil- og granatutvinning:



Ny verdikjede for betongproduksjon og rutil- og granatutvinning som gjer restmassar til ein ressurs, reduserer karbonutslepp og skaper ein berekraftig betong.



Den nye verdikjeda slår saman verdikjeda frå mineralutvinning av rutil og granat og betongproduksjon, og vert ei grønar verdikjede. Målet til samarbeidspartane er å skape ei ny verdikjede som bruker restmasser frå mineralutvinninga i Engebøfjellet saman med ny sementteknologi som bindemiddel i betong.

Forklaring av omgrep

Industriell symbiose	Ein måte å utnytte ressursane betre. Ulike aktørar utnyttar dei såkalla sidestrømmene til kvarandre. Nokon sitt problem vert til den andres forretning. Det gir moglegheiter for å skape vinn-vinn for alle partar, vi løyser problem samtidig som vi skaper ny næring.
Oppredningsanlegg	Eit oppredningsanlegg i samband med mineralutvinning er ein fasilitet der råmateriale frå gruver vert prosessert for å separere verdifulle mineral frå avgangsmaterialet.